

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 62/2007

Møtedato: 8.10.07

Arkiv nr:

Fjelloppsyn II

Endre Hemsing har hatt permisjon i 2007 for å vikariere på landbrukskontoret i Vang kommune. Han har opplyst at han er tilbode 100 % stilling i Vang kommune og ynskjer å seia ja til denne jobben. Han seier derfor opp stillinga som fjelloppsyn frå 1.1.08.

Stillinga som fjelloppsyn II er ei 50 % stilling etter at samarbeidet med Vang fjellstyre vart avslutta. I tillegg til fjelloppsyn I i 100 % stilling, har vi hatt eit sesongoppsyn på eit månadsverk. I 2007 har Erle Frantzen vore tilsett både som vikar for fjelloppsyn II og som sesongoppsyne.

Fjelloppsyn II har i hovudsak hatt ansvaret for småviltjakt, fiske, driftsplanlaget for hjortevilt og vanlege oppsynsoppgåver.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å lyse ut stillinga som fjelloppsyn II i 50 % stilling frå 1.1.08.

Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å gjera tilsetting.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.10.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: